



Utvalg: Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Stord rådhus
Dato: 25.02.2019
Tidspunkt: 14:00 – 17.10

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP
Tarjei Haga	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG AS (Tom. PS 7/19)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/19	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/85
PS 4/19	KPMG presenterer interimrevisjonsrapport for 2018		2015/178
PS 5/19	Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - status i arbeidet		2018/77
PS 6/19	Kurs i regi av KPMG		2016/2
PS 7/19	Møteplan 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune		2016/40
PS 8/19	Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Stord kommune		2016/55
PS 9/19	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 10/19	Referatsaker		
RS 1/19	Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - partsbrev		2017/108
RS 2/19	Tilsynsrapport Stord sjukeheim oktober 2018		2014/298
RS 3/19	Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018		2014/298
RS 4/19	Rekneskapsresultat 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
RS 5/19	Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune		2015/179
RS 6/19	Psykisk utviklingshemma - Tolgasaka		2016/2
RS 7/19	Mediaklipp i Sunnhordland febr. 19 om orientering i formannskapet		2016/91
RS 8/19	Invitasjon til høring - ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift		2019/11
RS 9/19	FKT - Høringsutkast - Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor		2019/13
RS 10/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2019		2019/13
RS 11/19	NKRF kontrollutvalgskonferanse 30.-31. jan. 19 - program		2016/2
RS 12/19	Budsjettbrev		2015/178
PS 11/19	Eventuelt		

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 2/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 29.10.18.

Vedtak:

Protokoll frå møte 29.10.18. vart godkjent.

PS 3/19 Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet gjekk kort gjennom utkast til årsmelding.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2018.

PS 4/19 KPMG presenterer interimrevisjonsrapport for 2018

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2018 frå KPMG AS til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

KPMG AS v/ partner Willy Hauge gjekk gjennom interimrevisjonsrapporten.

Utvalet ber revisor om oppdatert status for oppfølgingspunkta.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Utvalet ber revisor om oppdatert status for oppfølgingspunkta.

Kontrollutvalet tar elles oppsummering etter interimrevisjon 2018 frå KPMG AS til orientering.

PS 5/19 Forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene - status i arbeidet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 23.04.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Forslag om endring av leveringsfrist til 29.04.2019.

Forslag til vedtak, med endra leveringsdato, vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå KPMG si side innan 29.04.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd i rapporten.

Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.

PS 6/19 Kurs i regi av KPMG

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan.....,dato:.....
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.
3. Kontrollutvalet tilbyr at kommuneadministrasjonen, om ønskjeleg, kan be KPMG om å halda eit 2-timarskurs i tema som er relevant for dei. Administrasjonen tar direkte kontakt med KPMG om dette, og står for planlegging og gjennomføring sjølve.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Jmf. vedtakspunkt 1, ønskjer kontrollutvalet kurs innan internkontroll, fortrinnsvis i tilknytning til utvalet sitt møte i mai.

Jmf. vedtakspunkt 3, er det ønskje om tilbakemelding på om administrasjonen vil nytta resterande kurskvote.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber om at KPMG gjennomfører kurs innan internkontroll, fortrinnsvis i tilknytning til kontrollutvalet sitt møte i mai.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.
3. Kontrollutvalet tilbyr at kommuneadministrasjonen, om ønskjeleg, kan be KPMG om å halda eit 2-timarskurs i tema som er relevant for dei. Administrasjonen tar direkte kontakt med KPMG om dette, og står for planlegging og gjennomføring sjølve. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på om denne kvoten vil bli brukt av administrasjonen.

PS 7/19 Møteplan 2019 for kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2019:

Dato:	Merknad:
25.02.2019	
10.04.2019	
14.05.2019	
11.09.2019	
27.11.2019	

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2019:

Dato:	Merknad:
25.02.2019	
10.04.2019	
14.05.2019	
11.09.2019	
27.11.2019	

PS 8/19 Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 - Stord kommune

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune, kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 og rapport etter stadleg kontroll vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå skatteoppkrevjaren i neste møte om:

- Arbeidsgjevarkontrollen
- Auke i uteståande krav
- Selskapsskatten

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Stord kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Stord kommune, kontrollrapport frå Skatteetaten for 2018 og rapport etter stadleg kontroll vert teke til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

PS 9/19 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 10/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

RS 1/19 Forvaltningsrevisjonsrapport om offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging - partsbrev

- Teke til orientering

RS 2/19 Tilsynsrapport Stord sjukeheim oktober 2018

- Teke til orientering

RS 3/19 Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018

- Kontrollutvalet ønskjer nærare skriftleg informasjon etter tilsynsutvalet sitt besøk. Utvalet merkar seg at avsett tid for tilsynsbesøket var 30 minutt.

RS 4/19 Rekneskapsresultat 2018 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune

- Unytta sum på kr. 141.449 er reservert til forvaltningsrevisjonsrapport for 2018, medan ferdigstilling og storparten av kostnaden kjem i 2019. Utvalsleiar har avklart med rådmannen at unytta sum vert overført for bruk i 2019, ifm. årsrekneskapsavslutning for 2018.

RS 5/19 Budsjett 2019 for kontroll og tilsynsarbeidet i Stord kommune

- Teke til orientering

RS 6/19 Psykisk utviklingshemma - Tolgasaka

- Teke til orientering

RS 7/19 Mediaklipp i Sunnhordland febr. 19 om orientering i formannskapet

- Deler av kontrollutvalet ragerte på at kontrollutvalsleiar tilsynelatande hadde uttalt seg som kontrollutvalsleiar i ei meningsutveksling i bladet Sunnhordland, vedr. om det burde opnast for orientering om Nysæter ungdomsskule i formannskapet.
- Utvalsleiar meinte å uttala seg som mangeårig kommunestyremedlem.
- Det var semje om at hovudregelen må vera at utvalsleiaren berre uttalar seg som kontrollutvalsleiar i saker som kontrollutvalet har eller har hatt til handsaming.

RS 8/19 Invitasjon til høring - ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift

- Teke til orientering

RS 9/19 FKT - Høringsutkast - Veileder – Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor

- Teke til orientering

RS 10/19 Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsinformasjon februar 2019

- Kontrollutvalet ønskjer å vera representert med inntil to personar på FKT sin fagkonferanse med årsmøte, Kristiansand 4. – 5. juni 2019, og ber Odd Ståle Larsen og Tarjei Haga avklara om dei har høve til å delta.

RS 11/19 NKRF kontrollutvalskonferanse 30.-31. jan. 19 - program

- Peggy Husevik Bærøy og Hogne Haktorson orienterte om konferansen.

RS 12/19 Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune (ettersendt)

- Kontrollutvalet ber rådmannen orientera munnleg i neste utvalsmøte om kva vurdering han har vedr. innhaldet i Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

RS 3/19 Tilsynsrapport Rehabiliteringssenteret oktober 2018

- Kontrollutvalet ønskjer nærare skriftleg informasjon etter tilsynsutvalet sitt besøk. Utvalet merkar seg at avsett tid for tilsynsbesøket var 30 minutt.

RS 10/19 Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsinformasjon februar 2019

- Kontrollutvalet ønskjer å vera representert med inntil to personar på FKT sin fagkonferanse med årsmøte, Kristiansand 4. – 5. juni 2019, og ber Odd Ståle Larsen og Tarjei Haga avklara om dei har høve til å delta.

RS 12/19 Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune (ettersendt)

- Kontrollutvalet ber rådmannen orientera munnleg i neste utvalsmøte om kva vurdering han har vedr. innhaldet i Fylkesmannen sitt budsjettbrev 2019 til Stord kommune.

Øvrige referatsaker vart tekne til orientering.

PS 11/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 25.02.2019

Handsaming i møtet:

A Barnevern – samarbeidsprosjekt mellom Fitjar, Stord og Bømlo kommunar.

Kontrollutvalet i Bømlo kommune gjorde slik vedtak 07.02.19 i sak PS 9/19 Eventuelt:

«Sekretariatet får i oppgåve å undersøke nærare med dei to andre kontrollutvala i Fitjar og Stord kommune om det er ønskje om ein ny gjennomgang/samarbeidsprosjekt.»

Tilbakemelding frå kontrollutvalet i Stord kommune:

- Kontrollutvalet har denne valperioden hatt forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i kommunen / Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB). Oppfølging etter denne rapporten vart ferdigstilt hausten 2018. Såleis synest kontrollutvalet i Stord kommune at det er for tidleg å ha ein ny gjennomgang no, opp mot andre prioriterte prosjekt.
- Ny gjennomgang kan vurderast ved utarbeiding av neste plan for forvaltningsrevisjon, for perioden 2020 – 2024.
- Kontrollutvalet i Stord kommune stiller offentleg materiell frå forvaltningsrevisjon, handlingsplan og oppfølging til disposisjon, om dei to andre utvala ønskjer å motta materiell frå dette arbeidet.

B Kystverket vest – Tilsynsrapport om Leirvik hamn av 17.10.2018.

- Kontrollutvalet ber om orientering vedr. tilsyn med Leirvik hamn, og arbeid med å lukka avvik, i utvalet sitt møte 14.05.2019.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

A Barnevern – samarbeidsprosjekt mellom Fitjar, Stord og Bømlo kommunar.

- Kontrollutvalet i Stord kommune har denne valperioden hatt forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i kommunen / Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB). Oppfølging etter denne rapporten vart ferdigstilt hausten 2018. Såleis synest kontrollutvalet i Stord kommune at det er for tidleg å ha ein ny gjennomgang no, opp mot andre prioriterte prosjekt.
- Ny gjennomgang kan vurderast ved utarbeiding av neste plan for forvaltningsrevisjon, for perioden 2020 – 2024.
- Kontrollutvalet i Stord kommune stiller offentleg materiell frå forvaltningsrevisjon, handlingsplan og oppfølging til disposisjon, om dei to andre utvala ønskjer å motta materiell frå dette arbeidet.

B Kystverket vest – Tilsynsrapport om Leirvik hamn av 17.10.2018.

- Kontrollutvalet ber om orientering vedr. tilsyn med Leirvik hamn, og arbeid med å lukka avvik, i utvalet sitt møte 14.05.2019.